

Vedlegg 3

Aktivitet i prosjektet: Nærmiljøkvalitetar som fremjer folkehelse, ved Høgskolen i Bergen 2016

Etablering av prosjektgruppe

Høgskolen i Bergen har i 2016 etablert ei prosjektgruppe med brei kompetanse for å kunne ivareta oppgåver knytt til prosjektet, med tilsette og studentar frå ulike utdanningar ved dei tre avdelingar Avdeling for Helse og Sosialfag, Avdeling for Økonomi og ingeniørfag, samt Avdeling for Lærarutdanning. I tillegg deltar representantar frå Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Prosjektgruppa har både med tilsette ved avdelingane og studentar på masternivå. Mange av deltakarane var også med i pilot-prosjektet mellom HiB og Hordaland Fylkeskommune, «Folkehelse og nærmiljøkvaliteter – Helsefremmende nærmiljøkvaliteter for SFO», i perioden 2012-2014. Frå 1.januar 2017 inngår HiB i Høgskolen på Vestlandet (HVL), saman med Høgskolen Stord og Haugesund og Høgskolen i Sogndal og prosjektgruppa kan derfor bli utvida i 2017.

Denne rapporten tar utgangspunkt i samarbeidsavtalen mellom HfK og HiB. Avtalen gir føringar for kva HiB skal bidra med i prosjektet. Ved alle avdelingene ved HiB pågår no ein prosess med å forankre prosjektet i heile organisasjonen der det er naturleg.

Dialogpartner

HiB har vore i dialog med dei fire kommunane i prosjektet og har gjeve innspel til utviklinga av planar. Representantar frå prosjektgruppa har vore på besøk og hatt møter med prosjektgruppene i to kommunar (Bømlo og Stord), med prosjektleiinga i ein kommune (Fjell) og vil ha møte med prosjektleiinga i den fjerde kommunen (Askøy) i november. HiB har invitert seg til møter med kommunane og tilbydd kompetanse på ulike fagområder som kommunane kan nytte i prosjektet.

Støtte og kompetanse på prosjektsamlingar

HiB har delteke i planlegging av prosjektsamlingane i 2016 og kommentert kommunane sine framlegg, samt vederlagsfritt stilt med innleiarar. På samlinga 14.-15.september innleia koordinator av pilotprosjektet om nærmiljøkvalitetar med utgangspunkt i erfaringane frå pilot-prosjektet. På samlinga 7.-8.desember skal tilsette ved samfunnsarbeid og drama ved HiB innleie om ulike metodar for å styrke mobilisering, deltaking og kartlegging.

Integrering av nærmiljø og folkehelse i utdanningar

Studentaktiv undervisning er integrert i prosjektet, der studentar frå to utdanningar og to avdelingar er med (AIØ, AHS). Det er eit mål å knytte studentar frå fleire fagmiljø og alle avdelingene til prosjektet i 2017. Resultat frå prosjektet skal integrerast i utdanningar i prosjektperioden. Aktuelle fagområda ved HiB er samfunnsarbeid, folkehelsearbeid, innovasjon og leiing, innovasjon og entreprenørskap, anvendt teater, fysisk aktivitet og kosthald i eit skolemiljø, kroppsøving- og idrettsfag, velferd og helse, global helse, psykisk helse og rusarbeid, eigeidsdesign og arealplanlegging og mat og helse.

Følgje-med rapport og bidra i utvikling av formidlingsplan.

HiB følgjer med prosjektet ved å delta på samlingar, er dialogpartner og etterspør informasjon frå kommunane. Deltakarane i prosjektgruppa i ein av dei fire kommunane vil verte intervjuet i desember 2016 om deira erfaringar med samarbeidet på tvers av fag og sektorar. I 2017 vil prosjektgruppa velge fokusområde for følgje-med rapport og bidra til utvikling av formidlingsplan saman med HfK.

Bergen 09.11.16

Rita Agdal, HiB